

Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget oppmodar om at fylkesrådmann for Nye Vestland startar arbeidet med å utarbeide ein strategi for å nå målet om utslippsfri Vestland fylke 2030.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Golis sitt forslag fekk 38 røyster (A, Sp, KrF, SV, R, V, MDG) og vart vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ser det som avgjerande at staten belønnar fylkeskommunane for utsleppskutt i kollektivsektoren i statsbudsjettet for 2020.
2. Fylkestinget ber om at staten betalar eit tilskot på 1000 kroner pr. tonn CO₂ som fylkeskommunane kuttar i kollektivtransport både til lands og på sjø, jmf resolusjon frå fylkestinget oktober 2018.
3. Fylkestinget oppmodar dei politiske partia til å jobbe for å styrke finansieringa av fossilfri kollektivtransport og andre tiltak som kan gje reduksjon i klimagassutslepp.
4. Administrasjonen skal bruke eksisterande verkemidlar og nettverk og organisasjoner til breitt samarbeid nasjonalt og lokalt med kommunar, næringsliv og interesseorganisasjonar om styrka finansiering av tiltak som kan gje reduksjon i klimautslepp gjennom auka bruk og produksjon av fornybar energi her under biogass, hydrogen.
5. Fylkestinget oppmodar om at fylkesrådmann for Nye Vestland startar arbeidet med å utarbeide ein strategi for å nå målet om utslippsfri Vestland fylke 2030.